



Referat styremøte

Tid: Måndag 14. august 2023, kl. 18.00

Møtt	Ikkje møtt
Ingunn Frode Jøran (teams) Jan Erik Terje (ref) Torunn Reidun (teams) Håkon	Henning Bjørnar

Sak 51/23	Godkjenning av innkalling, saksliste og referat Godkjent
Sak 52/23	Godkjenning av protokoll frå førre styremøte Protokoll frå førre styremøte godkjent utan merknad. Ket må innkallast til september møte
Sak 53/23	Referatsaker Håkon: 15.06.23, Villakssenteret i Lærdal. Opning av nasjonalt villakssenter. Terje: 9. juni, teams. Møte med sentralt, besparande arbeid for regionsekretær, ansettning av prosjektleiar sentralt. (avslått) Bjørnar: 10. juli, teams. Møte OVF og jaktutvalet om hjortejakt i Gulen Reidun: 9. juni, teams. Møte med sentralt, besparande arbeid for regionsekretær, ansettning av prosjektleiar sentralt. (avslått) 12. juni, teams. Virksomhetsmøte alle tilsette i NJFF 6 møter i juni vedr. lønnsoppgjer og sak 26. juni, teams. Møte med sentralt, status vedtekter 10. juli, teams. Møte OVF og jaktutvalet om hjortejakt i Gulen
Sak 54/23	Kontakt med lokallaga Jøran har vore i kontakt med Stryn, dei har fortsatt ikkje fått ny leiar.
Sak 55/23	Oppdatering frå fiskeutvalet; nye utvalgsmedlemmer, planer, etc Godkjenning nytt medlem fiskeutval; Gry Helene Haukereid har vore medlem i Høyanger Jakt og Fiskelag i 8 år. Ho har erfaring frå fjellfiske, elvefiske og

	<p>sjøfiske, innan jakt hjortejakt og småvilt. Haukereid er no i styret for lokallaget som klubbhusforvaltar og er medlem i jaktutvalet. Ho var ungdomsansvarlig i NJFF S og FJ ein kort periode for ca 6 år sidan. Ellers har Haukereid allsidige interesser og har vore engasjert som frivillig i ulike organisasjoner. Ho er lærer i grunnskulen og jobber som konsulent på HMS-system og internkontroll.</p> <p>Styret godkjenner nytt medlem.</p> <p>Det vert jobba for å få på plass fleire medlemmar, og det er eit ynskje om geografisk spreiing på desse.</p> <p>Det er eit ynskje frå fiskeutvalet å få nokre avtalar på innlandsfiske, til dømes i Jølstravatnet, Horningdalsvatnet og Hafslovatnet. God fordeling av vatn er viktig for å dekke heile regionen.</p> <p>Det er inngått ei rabattavtale med intersport i Sogndal.</p>
Sak 56/23	<p>Brev frå Høyanger jfl vedr. Utmelding</p> <p>Høyanger jfl ynskjer å melde seg ut av NJFF. Dei har fått tilbod om bistand til å vedta nye vedtekter (for enklare å melde seg ut) og lage interne retningslinjer for visse medlemsfordelar slik at dei kun skulle kunne tilbys innabygds mm. Tilbod om bistand vart avslått. Dei utførde ei avstemming i fjor blant medlemer for å melde seg ut av NJFF. Dei hadde per 31.12.21 241 medlemer. I avstemminga fekk dei inn 103 stemmer, deriblant 97 for ja til utmelding og 6 for nei. I følge vedtekten måtte dei ha 2/3 fleirtal blant samlede medlemer for å melde seg ut.</p> <p>Sjå pdf av e-postar om avstemminga (E-postar om avstemming om utmelding)</p> <p>Regionsekretær har også vert i kontakt med dei per telefon, samt Knut Erik Risvik og advokat hos NJFF sentralt. Sjå pdf av e-postar med kort svar frå advokat Marum i NJFF. Dei sette opp utmelding som sak på årsmøte i mars i år og gjorde eit ulovleg vedtak om utmelding med bakgrunn i avstemminga.</p> <p>Reidun har muntleg og uformelt snakka med ny leiar - Leif Magne Bach, i Høyanger jfl om at det er ynskjeleg at Høyanger jfl melder seg ut på ein lovleg måte, dei er eit stort og oppegåande lokallag og det ville vere "kjedeleg" og lite ynskjeleg at ikkje vedtekter skal følgjast. Reidun var i telefonmøte med ny leiar i Høyanger jfl, Frode Andersen og Jan Henning Øyehaug i juni, og dei orienterte om at dei hadde hatt kontakt med advokat som meiner vedtekten kan tolkast slik dei har tolka dei. Leif Magne vidaresendte epost frå advokaten.</p> <p>Sjå pdf av e-post frå advokat til Høyanger jfl Side 3 av 4</p> <p>Styret sendte formelt brev til Høyanger jfl 23.06.23, sjå vedlegg.</p> <p>Høyanger jfl sendte svar på brevet 29.06.23, sjå vedlegg.</p> <p>Regionstyret må vedta vidare framgang i saka.</p> <p>Saka vart drøfta i møtet, med den konklusjonen at styret er ueinig i Høyanger si tolking av vedtekten og det skal sendast ei skriftleg tilbakemelding. I forlenging av diskusjonen kom det fram viktigheita av å ha vedtekter nedfelt slik at problestillinger som dukkar opp kan løysast i tråd med desse.</p>
Sak 57/23	<p>Evaluering av regionkontor i Trøndelag</p> <p>Vedk. midlertidig ordning for Reidun S Seim - geografisk arbeidsplass i Trondheim: Etter søknad frå Reidun i 2022 om midlertidig plassering av regionkontoret, vart det inngått ein avtale om dette, signert 06.07.2022. Etter</p>

	<p>nærare avtale vart flytting utsett til jul 2022. Avtalen gjeld eit år frå flyttedato, 01.01.2023, og skal evalueraast etter 6 måneder. Avalen løper i første omgang i eit år. Styret i NJFF Sogn & Fjordane er bedt av NJFF om å evaluere ordninga. Det vil deretter bli eit evalueringsmøte med NJFF etter sommerferien, der Reidun og Håkon vil delta.</p> <p>Evaluering i møte:</p> <p>Ordninga har fungert tilfredstillande, Reidun har delteke på om lag 50 % av møta fysisk og ho har også delteke på alle større arrangement. Det vert presisert i evalueringa at Reidun sin tilknytning og lokale kjennskap til Sogn og Fjordane er avgjerande for at dette har fungert så godt. Etter mange år i stillinga har Reidun vorte godt kjend ute i alle lokallag noko som gjer at geografisk plassering av stillinga ikkje har hatt noko negativ innverknad på samarbeidet. Det vert presisert i evalueringa at dersom regionssekretæren ikkje hadde hatt denne lokale forankringa så ville det ikkje fungert å ha stillinga så perfert plassert. Nettverksbygging og lokal kjennskap er avgjerande for at dette skal fungere. Styret er positive til at Reidun fortset i stillinga.</p>
Sak 58/23	<p>Nytt digitalt verkty for NJFF Sogn og Fjordane?</p> <p>Regionsekretær har i fleire år etterspurt betre digitale verktøy til planlegging og dele filer mm i regionlaget. NJFF har digitale verktøy til internt for tilsette i NJFF, men har avslått pga økonomi å legge til rette for dette i arbeidet i regionlaga. IT-sjef Rolf Crook har no etter forespørsel sett på ulike alternativer for dette, og anbefaler Orgbrain.</p> <p>Ein stipulert pris per regionlag: i underkant av 5.000 per år. Eg har vert i møte med Orgbrain og vi skal få ein pris dersom det ikkje er fleire regionlag som starter med dette no. Vi kan bruke orgbrain til blant anna å ha filer på ein plass for t.d. regionstyret og ha eigne "møteplassar" (datarom) for det enkelte utvalg der ein deler eigne filer med dei og har egne møteoppsett. Utvala ser altså ikkje filene til styret. Det skal vere mogleg å planlegge aktivitetar / lage oppgåver til dei ulike aktivitetane våre, slik at ein kan planlegge på denne plattformen. Vi kan også setje opp årshjul, årsplan med meir. Vi har fått ein gratis prøveperiode no, styremøtet i august er sett opp i Orgbrain. Det vil kunne ta noko tid å setje seg inn i alle moglegitetene, men det kan vere verdt å ta eit prøveår og sjå om dette kan vere noko for oss?</p> <p>Konklusjon i møte:</p> <p>Styret har fått sett og prøvd Orgbrain, og er positive til verktøyet og trur at dette vil kunne forenkla og effektivisere styrearbeidet. Reidun forsøker og forhandle fram eit 1 års prøveavtale for 5000,-</p>
Sak 59/23	<p>Instruksar</p> <p>Det har vore jobba godt med instruksane og dei er snart klar for godkjenning. Det vert fram mot neste styremøte gjort mindre justeringar slik at dei kan behandlast og godkjennast på møte i september.</p>
Sak 60/23	<p>Ymse</p> <p>Opplæringsjakt hjort 27-29. oktober, (Osen, Bygstad):</p> <p>Det er behov for fleire som kan vere med som instruktørar. Bjørnar og Terje blir med, kanskje også Kristian Myrmel og Frode Ølmheim.</p>

Dersom ein fortsatt treng fleire instruktørar så er det forslag om at ein kan høyre med Bjørnar Urdal.

Profilklær: Reidun orienterer om at profilklærne er bestilt, dei utvala som ikkje har fått på plass medlemmar kan etterbestille klede når medlemmane er på plass.

Det kom spørsmål i møtet om NJFF Sogn og Fjordane har beachflagg som kan nyttast til å promotere organisasjonen under ulike arrangement.
Ein har ikkje slike flagg, men Reidun sjekker pris til neste møte.